Vestlandsrådet

Saksframlegg

Saksnr: 2026/4095-22
Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Vestlandsrådet	**09/26**	**04.11.26**

Nasjonal transportplan 2029-2040 - handlingsrom for felles omtale av E39 Vestlandsvegen

Forslag til vedtak

1. Vestlandsrådet ser det som viktig og nødvendig at fylkeskommunane i størst mogleg grad legg til grunn ei samstemt omtale av E39 Vestlandsvegen i det vidare arbeidet med Nasjonal transportplan 2029-2040
2. Vestlandsrådet ber om at AU avklarer handlingsrommet for slik samstemt omtale av E39 Vestlandsvegen som grunnlag for det vidare administrative og politiske NTP-arbeidet i fylkeskommunane.
3. Vestlandsrådet går inn for at slik samstemt omtale av E39 Vestlandsvegen vert løfta fram og presentert av fylkeskommunane i dei regionvise dialogmøta med NTP-sekretariatet.
4. Vestlandsrådet legg til grunn at samstemt omtale av E39 Vestlandsvegen, vert tilpassa planforslaget til Nasjonal transportplan som vert på lagt på høyring våren 2027, og spelt inn til det administrative og politiske arbeidet med NTP-uttale i fylkeskommunane.

Robert Rastad
fylkesdirektør

Thorbjørn Aarethun
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det nasjonale sekretariatet for Nasjonal transportplan, har i brev av 23.mars 2026, omtalt følgjande om ekstern prosess i samband med Nasjonal transportplan 2029-2040:

> • «En serie med mindre, tematiske innspillsmøter med interesse- og arbeidslivsorganisasjoner (senhøsten 2026)
>
> • Regionvise dialogmøter med fylkeskommunene, de fire største byene og Sametinget (1. halvår 2027). I tilknytning til disse møtene er det også aktuelt å gjennomføre møter med regionalt næringsliv
>
> • Offentlig høring av transportvirksomhetenes svar på NTP-oppdragene (før sommeren 2027)»

Det er førebels ikkje gitt ein detaljert framdriftsplan for NTP-prosessen frå regjeringa si side. Etter det fylkesdirektøren kjenner til, vil departementet sende ut eit oppdrag knytt til prioriteringar i ny NTP, no i haust. Framlegg til prioriteringar i ny NTP blir sendt på høyring, truleg i løpet av våren 2027. Ny stortingsmelding om NTP skal leggjast fram våren 2028.

Innanfor ein slik prosess vil det bli lagt fram sak til fylkestinga om høyringsuttale til planforslaget til Nasjonal transportplan 2029-2040 på vårparten neste år.


Spørsmålet som vert sett på dagsorden i denne saka, er kva rolle Vestlandsrådet kan ha i det vidare arbeidet og prosessen med Nasjonal transportplan 2029-2040.

Arendalserklæringa om E39 Vestlandsvegen

På Vestlandsrådet sin mobiliseringskonferanse for E39 Vestlandsvegen, 15.april i Bergen, vart det drøfta ulike politiske suksessfaktorar for å oppnå gjennomslag i Nasjonal transportplan.

Det kom m.a. tydeleg fram at Vestlandet må samle seg om ei strategisk forteljing om kva E39 betyr for landsdelen og Norge. I tillegg vil ein viktig suksessfaktor vere knytt til i kva grad det er mogleg å oppnå ei samstemt prioritering av vegstrekninga.

I samband med Arendalsveka 2026 vart den såkalte Arendalserklæringa om E39 Vestlandsvegen signert av dei tre fylkesordførarane.



Vestlandsrådet

Arendalserklæringen om Vestlandsvegen E39

Vi som har skrevet under denne erklæringen står samlet om å arbeide for raskere realisering av Vestlandsvegen E39.

E39 binder sammen den viktigste verdiskapingsregionen i Norge. Langs korridoren blir store deler av landet sine eksportinntekter skapt innen sjømat, maritim næring, energi, industri, reiseliv og teknologi.

En moderne og sammenhengende E39 er avgjørende for konkurransekraft, beredskap, arbeidsmarked og bosetting langs hele Vestlandet.

Vi vil derfor arbeide for:

- At Vestlandsvegen E39 igjen blir prioritert som et nasjonalt hovedprosjekt i kommende Nasjonal transportplan.
- En forpliktende plan for utbygging av gjenstående delstrekninger og fjordkryssinger.
- At alternative finansierings- og gjennomføringsmodeller vurderes for å sikre raskere realisering av prosjektet.
- At Vestlandsfylkene står samlet i arbeidet for å få gjennomført hele Vestlandsvegen.

Vestlandsvegen E39 er det viktigste samferdselsprosjektet for Vestlandet og et av de viktigste utviklingsprosjektene for Norge. Vi står samlet om målet om en trygg, effektiv og framtidsretta transportkorridor som styrker verdiskaping, beredskap og vekst i heile landsdelen.

Arbeidet holder fram til Vestlandsvegen er realisert.

Arendal, 10.08.2026

Jon Askeland
Fylkesordfører Vestland

Anders Riise
Fylkesordfører Møre og Romsdal

Ole Ueland
Fylkesordfører Rogaland

Dette er ei erklæring der tre fylkeskommunar står samla om ei felles strategisk forteljing om E39 Vestlandsvegen. I det vidare NTP-arbeidet vil det etter fylkesdirektøren sitt syn vere viktig og nødvendig å følgje opp og forankre denne samstemte forteljinga i dei regionvise møta med NTP-sekretariatet, den formelle prosessen om NTP-uttale i fylkeskommunane og vidare inn mot regjeringa og Stortinget sitt NTP-arbeid.

Vestlandsrådet med tydlegare koordinerande rolle i NTP-arbeidet

Vestlandsrådet har ikkje kompetanse til å overprøve eller vedta anna høyringsuttale til Nasjonal transportplan 2029-2040 enn det som vert fastlagt i den enkelte fylkeskommune.

Det har derfor vore utfordrande for rådet å finne ei sjølvstendig rolle i tidlegare NTP-prosessar. Vestlandsrådet sine initiativ i NTP-arbeidet har derfor i all hovudsak lagt til grunn eit aggregat og samla forståelse av fylkeskommunane sine NTP-vedtak.

Fylkesdirektøren vil likevel meine at Vestlandsrådet kan ha ei koordinerande rolle i forkant av;

- Regionvise møter med NTP-sekretariatet
- Fylkeskommunane sin høyringsuttale til NTP 2029-2040, våren 2027

Vestlandsrådet vil kunne initiere og foreslå koordinering av aktuell samstemt omtale, eller til og med forslag til vedtak.

Dette vil også vere ei rolle som treff sjølve essensen i samarbeidsavtalens §2 om formålet med landsdelssamarbeidet. Her heiter det m.a. at dei tre fylkeskommunane på Vestlandet gjennom

Vestlandsrådet skal koordinere det politisk innsatsen til beste for landsdelen innanfor definerte satsingsområdet.

Dersom Vestlandsrådet inntek ei slik koordinerande rolle, vil fylkesdirektørane likevel stå fritt til å ta omsyn til eventuelt koordinert og samstemt omtale eller innspel til samstemte vedtak, i sine saksutgreiingar til NTP-uttale. Tilsvarande vil fylkestinga også sjølvsagt stå fritt til å innarbeide rådet sine initiativ til samstemt omtale og evt. forslag i dei endelege vedtaka.

NTP og koordineringsbehov på tvers av fylkesgrensene

Spørsmålet som melder seg vidare, er om det er andre transportpolitiske utfordringar utanom E39 Vestlandsvegen som er felles for landsdelen, og der det kan vere eit behov for å samle seg rundt koordinerte og felles strategisk omtale eller vedtak. Fylkesdirektøren vil i tillegg til E39 Vestlandsvegen peike på fleire områder som i utgangspunktet er meir eller mindre felles transportpolitiske utfordringar for landsdelen:

- Fylkesvegvedlikehald
- Rassikring
- Ferje- og snøggbåtdrift

Desse transportpolitiske utfordringane er også omtalt i den politiske plattforma for Vestlandsrådet for perioden 2024-2027. Dette er likevel utfordringar som ikkje kun gjeld særskilt for Vestlandsfylka, men som også er nasjonale spørsmål som omfattar fleire fylker. Ein meir samordna innsats inn mot desse spørsmåla vil bli utført i regi av KS, Nasjonal rassikringsgruppe og andre. Fylkeskommunane har gjennom KS i større grad enn i tidlegare rulleringar av NTP vore involvert i arbeidet med dei faglege utgreiingane. Gjennom dette har ein i større grad enn tidlegare klart å få fram dei samla utfordringane i sektoren, inklusiv dei fylkeskommunale ansvarsområda.

Fylkesdirektøren vil derfor foreslå at Vestlandsrådet prioriterer E39 Vestlandsvegen, i eit forsøk på i størst mogeleg grad å få til koordinerte og samstemte merknader i fylkeskommunane si handsaming av NTP-uttale. I den politiske plattforma for Vestlandrådet 2024-2027 er også nasjonal satsing og prioritering av ferjefri og opprusta E39 som hovudsamband nord-sør på Vestlandet eit hovudfokus.

Med grunnlag i ei slik prioritering, regionvise møter med NTP-sekretariatet og fylkeskommunane sine NTP-vedtak våren/sommaren 2027, melder spørsmålet seg om handlingsrommet og kor grensene går for samstemt omtale av E39 Vestlandsvegen. Det er i hovudsak langs tre aksar det er mogleg å tenke seg ei form for samstemt omtale og vedtaksforslag om E39 Vestlandsvegen:

1. Framheve E39 Vestlandsvegen som viktig gjennomgåande riksvegstrekning for å knytte saman byområder og utvikle robuste bu – og arbeidsmarknader langs kysten av landsdelen. Dette for å sikre ein attraktiv landsdel for sysselsetting og den viktige eksportretta verdiskapinga i næringslivet på Vestlandet. E39 Vestlandsvegen er og viktig for gode levekår og busetjing på Vestlandet. (jfr Arendalserklæringa)
2. Framheve E39 Vestlandsvegen som det viktigaste samferdselsprosjektet for Vestlandet og med stor nasjonal betydning. (jfr. Arendalserklæringa)
3. Framheve strategien om ferjefri E39, med evt. rekkefølge for oppstart og realisering av Hordfast og Møreaksen tidleg i planperioden.

Fylkesdirektøren ser på dette som eit utgangspunkt for politiske sonderingar og avklaringar i Vestlandsrådet for å oppnå semje om eit koordinert og samstemt innspel om E39 Vestlandsvegen inn mot dei regionvise møta med NTP-sekretariatet og fylkeskommunane si handsaming av NTP-uttale. Dette vil også vere ei direkte oppfølging av Arendalserklæringa om E39 Vestlandsvegen gjennom praktisk politisk arbeid.

Fylkesdirektøren sin konklusjon

Fylkesdirektøren er ikkje i tvil om at ein tydlegare og samstemt omtale av E39 Vestlandsvegen i fylkeskommunane sine NTP-vedtak vil bli lagt merke til og kan ha betydning for Stortinget si endelege handsaming av Nasjonal transportplan 2029-2040.

For å ta arbeidet med auka satsing på E39 Vestlandsvegen på alvor, meiner fylkesdirektøren det no er på tide at Vestlandsrådet tek ei tydlegare koordinerande inn mot fylkeskommunane. Gjennom ei slik koordinering vil den enkelte fylkeskommune bli utfordra på å slutte seg til, i så stor grad som mogeleg, ein likelydande strategisk omtale av E39 Vestlandsvegen.

For det første vil derfor fylkesdirektøren foreslå at fylkesordførarane i arbeidsutvalet får fullmakt til avklare handlingsrommet for felles bodskap og prioriteringar knytt til omtale av E39 Vestlandsvegen, og legge dette fram for dei respektive fylkeskommunane inn mot dei regionvise møta med NTP-sekretariatet.

For det andre vil fylkesdirektøren foreslå at dette handlingsrommet på eit seinare tidspunkt vert tilpassa omtale og prioritering av E39 Vestlandsvegen i planforslaget til NTP 2029-2040 som skal ut på offentleg høyring våren 2027, og lagt fram for fylkeskommunane i det administrative og politiske arbeidet med NTP-uttale.